

Miljøpartiet Dei Grøne Voss  
Øyvind Birkeland  
oyvind.birkeland@gmail.com

## Vedtak om formell åtvaring for brot på partilova

Partilovnemnda viser til varsel av 17. februar 2023 om mogleg vedtak om forvaltnings sanksjon for brot på partiledet si plikt til å innrapportere sin økonomi til Statistisk sentralbyrå med signatur av styreleiar og eit styremedlem, jf. partiloven § 18 og § 21 a andre ledd.

Varselet byggjer på Partirevisjonsutvalgets (PRU) rapport frå rutinekontrollen i 2022 (tilgjengeleg på [Partilovnemnda.no](https://partilovnemnda.no)), som viser at den forenkla rapporteringa til Statistisk Sentralbyrå for 2021 var signert av leiar av partiledet og medlemssekretær for partiet sin hovudorganisasjon.

I e-post av 23. februar 2023 til Partilovnemnda, skriv Øyvind Birkeland, leiar i Miljøpartiet Dei Grøne Voss:

«Viser til dykkar brev datert 17.02.2023 der det vart henvist til at lokallaget Miljøpartiet Dei Grøne Voss vart revidert mot med omsyn til samsvar med partilova i 2022. Det vart påvist at lokallaget si forenkla årsberetning for økonomi mangla dobbelt signatur i samsvar med partiloven. Lokallaget bestreider ikkje funnet og vil retta seg etter dette ved framtidige innsendingar. Lokallaget vil samtidig visa til at protokollen frå årsmøtet hadde dobbelt signatur og rekneskap for 2021 var handsama og protokollført som eiga sak der. Lokallaget vil sikra dobbel signatur for framtidige innsendingar.»

Medan partiloven § 21 a andre ledd krev signatur av leiar og eit anna styremedlem, blei partiledet sin forenkla økonomirapport for 2021 berre signert av leiaren av partiledet, medan den andre signaturen kom frå ein medlemssekretær i partiets hovudorganisasjon. Det står då fast at Miljøpartiet Dei Grøne Voss berre delvis har oppfylt kravet i partiloven § 21 a andre ledd.

Partilovnemndas [tolkningsuttalelse-om-signaturkravet-i-partiloven.pdf \(partilovnemnda.no\)](https://partilovnemnda.no) framhevar signaturkravets si rolle for å sikre at innhaldet i det som rapporterast, faktisk representerer partiet eller partiledets sine rekneskapsdata, medverke til at partiledets sitt valde organ tek ansvar for innhaldet i rapporten og sikrar at den har dekning i organisasjonen. Dobbelt signatur skal og medverke til å dokumentere at partiledet faktisk var i normal virksemd.

At eit av styremedlemmane (Yngve Draugsvoll) var ein av dei som skreiv under på protokollen frå årsmøtet for 2022, der rekneskaperen for 2021 vart handsama og (med nokre merknader) godkjend, kan ikkje erstatta forpliktande signatur av eit styremedlem i tillegg til styreleiaren, på innberetninga til SSB. At tilsette i partiet rettleiar lokallaga i arbeidet med å oppfylle krava til rapportering mm., kan vere både naudsynt og nyttig, men er ikkje eigna til å stetta dei nemnde behova.

Nemnda finn difor grunn til å reagere med vedtak om forvaltnings sanksjon i form av ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber ei prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet. Nye brot på partilova eller

**E-postadresse:**  
post@partilovnemnda.no  
**Internett:**  
www.partilovnemnda.no

**Kontaktperson:**  
Daniel Giske  
Tlf. 22 24 68 73

**Postadresse:**  
Partilovnemnda  
Postboks 14  
6801 FØRDE

partilovforskrifta i prøvetida kan bli sanksjonert strengare enn det som elles ville ha vore praksis for liknande brot. Det kan og bli aktuelt å vedta avkorting i partistøtta frå staten.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd og § 28, jf. § 21 a andre ledd, treffer Partilovnemnda slikt einstemmig

**vedtak:**

Miljøpartiet Dei Grøne Voss får ei formell åtvaring.

Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtakets dato.

Søksmål for domstolane er einaste mogelegheit til å få vedtaket overprøvd, jf. partilova § 28 andre ledd. Men Partilovnemnda kan sjølv gjere om eit vedtak dersom det skulle vise seg å bygge på feilaktig grunnlag eller omgjerung elles kan skje på grunnlag av reglane i forvaltningslova § 35.

For Partilovnemnda

Eivind Smith  
leder

Daniel Giske  
sekretariatsleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi:  
Fylkesleddet